

# ÅRSMELDING FOR STORD ELDRERÅD 2017

## ELDRERÅDET SI SAMANSETJING:

### Medlemer:                    Varamedlemer:

Tove Dypå Lunde (leiar)	Liv Kari Søyland
Randi Helland (nestleiar)	Arne Runnane
Peder Aasheim	

### Politiske medlemer frå Kommunestyret:

Nils Tore Økland (AP)	Sverre Olav Svarstad (H)
Reidar Brevik (KrF)	Reidun Stavland (H)

Sekretær: Renate Waage / Haldis Lauksund

Møtestad: Formannskapssalen

\*\*\* \* \*\*\* \*

I 2017 vart det halde 8 møter, der det vart handsama og orientert om saker og planar som vedkjem eldre sine levekår.

Nokre saker vert referert spesielt:

### Budsjett 2018-2021 - her uttalte Eldrerådet følgjande:

*Eldrerådet merkar seg at fleire områder innanfor RHO i framlegget til årsbudsjett for 2018 er underbudsjettert. Me kan nemna sjukeheimen og heimebaserte tenester. Det er i dag ei venteliste på sjukeheimslassar på meir enn ti. Dei 5 sjukeheimslassane Stord kommune i dag leiger i Fitjar vil i andre halvår truleg bli redusert til 2. Mest alvorleg meiner eldrerådet det er å redusere heimebaserte tenester med 2,9 årsverk. Underbudsjettering av pleietenesta kombinert med nedskjeringsar på heimenestene vil bety at levevilkåra og velferda for mange eldre i Stord kommune vert dårlegare. Eldrerådet vil difor på det sterke oppmøde om at desse tenestene vert haldne oppe på eit nivå som ivaretak det aukande behovet for slike tenester, som følgjer veksten i talet på eldre, og fangar opp den generelle kostnadsauka.*

*Eldrerådet har registrert at i langtidsbudsjettet ikkje er lagt inn midlar til planlegging eller bygging av nye heildøgns institusjonslassar. Dette uroar eldrerådet. Ut i frå demografisk utvikling meiner eldrerådet at planlegging av nye plassar må starta i inneverande langtidsbudsjett.*

*Eldrerådet oppmodar om at det må på plass teleslynge o.l. i kinosalen.*

### Eldrerådet hadde uttale til forslag til ny byggteknisk forskrift – TEK17:

*Stord eldreråd er samd i intensionen av revisjonen av teknisk forskrift. Rådet er bekymra dersom dei nye forskriftene fører til at tilbodet på universelt utforma bustader vert redusert til ulempe for eldre og andre med behov for universelt utforma bustader. Me viser til følgjande døme, der forenklinga fører til ulempe for høyselshemma.*

Døme: §13-6 pkt. 4

"I byggverk for publikum og arbeidsbygning skal det vera lyd- og taleoverføringsutstyr med mindre det kan dokumenteres at dette er unødvendig for å oppnå god taleforståelse.

Inngang til rom med forsterket lyd- og taleoverføring skal være tydelig merket."

Rådet ønsker at siste del av første setning fell vekk og at setninga vert slik: "I byggverk for publikum og arbeidsbygning skal det være lyd- og taleoverføringsutstyr."

Stord eldrerådet uttalte seg slik i samband med Detaljregulering for miljøgate FV 544 gjennom Leirvik:

Stord eldreråd sluttar seg til planen, men ønsker at det blir lagt til rette for gode overgangar både for syklistar og gåande i sentrum.

Eldrerådet hadde slik uttale til Høyring – kommunal forskrift etter lovendring om rett til opphold i sjukeheim, kriterier og observasjons- /ventelister:

Forslag til endring i forskriftera:

## 1. Venteliste eller observasjonsliste

Eldrerådet viser til brev fra Helse- og omsorgsdepartementet datert 30.06.2016, som vart innleia slik:

Stortinget vedtok i juni i år lovendringar om rett til opphold i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns teneste, kriterier og venteliste. Lovendringa tydeleggjer retten til slikt opphold og skal bidra til betre forutsigbarhet og openheit rundt tildelingsprosessen ved å pålegga kommunane å gi forskrifter med kommunale kriterier for tildeling og føre ventelister. Pasienten og brukaren sin rett til vedtak dersom dei oppfyller kommunen sine kriterier og vert sett på venteliste skal betre rettsstillinga for den enkelte.

I forslag til kommunale retningsliner er begrepet "ventelister" konsekvent byta ut med "observasjonslister". Etter vår mening er "observasjonslister" eit alt for uklårt begrep når det er snakk om enkeltvedtak, som har gitt rett til sjukeheimspllass.

Med henvisning til brevet fra Helse- og omsorgsdepartementet ber eldrerådet difor om at det også i dei kommunale retningslinene vert nytta "ventelister".

Vi har også registrert at dette begrepet vert nytta av mange andre kommunar som har utarbeida forslag til kommunale retningsliner.

## 2. Handsamingstid på søknadar

Eldrerådet har tidlegare gitt uttrykk for bekymring når det gjeld kapasiteten ved Tildelingskontoret i kommunen. I slutten av §6 i forslag til forskrift står det følgjande: "Dersom saka ikkje er tilstrekkeleg utgreia til at det kan fattast enkeltvedtak om tildeling av langtidsopphold eller disposisjonsrett til tilsvarande bustad, eller enkeltvedtak om å få stå på observasjonsliste, må saka utgreiast vidare inntil det ligg føre eit forsvarleg avgjerdingsgrunnlag, jfr. Denne forskrifta §7 og §8."

Vi er klar over at det kan ta tid å handsame ein søknad. Men vi hadde likevel ynskja at det i forskriften var sett ei maksimum tid, slik at søkeren kunne få eit svar innan rimeleg tid. Kanskje det i denne samanheng var naturleg å bruka begrepet "obeservasjonsliste" – dei som ikkje har fått eit enkeltvedtak, men som nermar seg døra.

## Orienteringar:

- Status/tilstand Stord sjukeheim og Knutsaåsen eldresenter v/einingsleiar Esther Åsen
- Status Heimebasert tenester v/einingsleiar Britt Sørensen Dalsgård
- Orientering om Stord pensjonistforening v/leiar Anny Kristoffersen

- Orientering om hjelpemiddellager v/einingsleiar Kristin Steinsland
- Status ny sjukeheim v/prosjektleiar Kjell Nesbø
- Den kulturelle spaserstokken v/Randi Helland

#### Eldredagen 30. september 2017

Eldrerådet hadde ansvar for den årlege Eldredagen i Stord Kulturhus. Den vart arrangert i samarbeid med Røde Kors pasientvener, Leirvik Mannskor og Kjell Aasheim m/fl.. Foredragshaldar m/lysbilete "Natur i Sunnhordland" v/Jan Rabben-Seniorprisen gjekk til eldsjelene i Hagerupshuset Inger Utbjoe og Gunnhild Oma

#### Medlemer i Eldrerådet har delteke i fleire prosjekt:

Prosjekt "Godt å bu heime" Reidar Brevik

Ansvarsgruppa for den kulturelle spaserstokken – Randi Helland

Kvalitetsforbetring av kommunalt hjelpemiddellager – Randi Helland

Trivsels- og samarbeidsforum ved Stord sjukeheim og Knutsaåsen Omsorgssenter – Tove Dypå Lunde

Prosjekt knytt til kommuneplanen; Nærmiljø og lokalsamfunn som fremjar folkehelsa – Tove Dypå Lunde

Prosjekt om forskrifter for kriterier for langtidsplass – Tove Dypå Lunde og Reidar Brevik

Lokalt kurs i folkeopplæring for ELD og RHH vart halde 20.06.17 etter ønskje frå eldrerådet. Medlemer og varafolk var invitert – Tove Dypå Lunde og Peder Aasheim deltok.

Eldrerådstreffet for Sunnhordland vart arrangert på Bømlo – der deltok Peder Aasheim, Randi Helland, Nils Tore Økland og Tove Dypå Lunde

Tove Dypå Lunde og Randi Helland deltok på eldrekonferansen i regi av Hordaland fylkeskommune

Haldis Lauksund, Randi Helland og Tove Dypå Lunde deltok på kurs i eldrerådsarbeid i Øystese.

Stord, 20.02.18

Tove Dypå Lunde  
leiar